



**FRAKTEFARTØY – STAMNES, 1977**

Foto: Trond Taugbøl, Riksantikvaren

Fredrikstad 3. - 5. september 2024

# Fagsamling for fartøyvern - Frakteflåten i Noreg

Riksantikvaren inviterer til fagsamling for fartøyvern. I år arrangerer vi møtet saman med Isegran fartøyvern.

Medan teams-møta i Fagleg forum for fartøyvern legg hovudvekta på forvaltingsmessige emne, skal vekta på fagsamlingane - dei fysiske møta - ha hovudvekt på dei fysiske fartøya og kunnskapen kring desse. På Isegran skal vi mellom anna få sjå eit utval verna fartøy med hamneplass ved senteret.

Som de veit har Riksantikvaren og andre utarbeidd oversyn over fartøykategoriane innan ferjeflåten og passasjerskipsflåten som grunnlag for dei fredingane som tidlegare vart gjennomførte og igangsette. Dei faglege innlegga under denne samlinga vil ha fokus på frakteflåten. Dette er ein viktig kategori med lang historie, og det er viktig å få eit oversyn over korleis denne frakteflåten har utvikla seg over tid og kva type fartøy som til dei ulike tidene har dominert. Dette vil gjere det mogleg å forstå kva historiske verdiar desse fartøya representerer og gjere vurderingar i konkrete tilfelle.


Som vanleg vert det også litt forvaltning. Første dag informerer Riksantikvaren om arbeidet med fartøyrelaterte saker og korleis vi tenkjer om bevaringsstrategiar og freding.

# Program

## TYSDAG 3. SEPTEMBER

- 11:00-12:00 Lunsj på Isegran (Riksantikvaren inviterer)
- 12:00-12:10 Velkomen til Fredrikstad/Østfold.
- 12:10-12:15 Velkomst og informasjon  
*Aase Hogfeldt-Eskevik, seksjonssjef Riksantikvaren*
- 12:15-13:00 Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø - fartøyvernet sin plass.  
Innleiing og diskusjon.  
*Linda Veiby, avdelingsdirektør samfunnsavdelinga, Riksantikvaren*
- 13:15-14:45 Orientering om Isegran fartøyvern og omvising på verftet.
- 16:00 Tur med M/S Hvaler – til Hvalerøyane, der vi m.a. får sjå korleis nokre av våre fremste båtbyggjarar går fram for å vinne attende kunnskapen om bygging av hvalerskøyta, eit av fagutviklingsprosjekta Riksantikvaren har støtta.  
Turen tar omlag 3-timar.

Tidspunktet for avgang kan endra seg. Riksantikvaren organiserer enkel middag, dette må deltakarane betale sjølv.



**D/S HVALER 1947**

Foto: Stiftelsen D/S Hvaler

## ONSDAG 4. SEPTEMBER

- 09:00 - 09:45 Historisk utsyn over frakteflåten. Kva hovud-epokar kan vi dele frakteflåten inn i, sett frå fartøyvernet? Kva kjenneteiknar desse epokane og korleis heng desse saman med resten av samfunnsutviklinga?  
*Erik G. Småland, dokumentasjonsleder, Isegran fartøyvern*
- 10:00 - 10:45 Kystfrakteflåten: tre og segl. Kva fartøytypar fanst, og kva vart dei nytta til?  
*Håvard Gjerde, Hardanger fartøyvernsenter*
- 11:00 - 11:45 Motoriseringa av den seglande frakteflåten.  
*Kristian Hansen Schmidt, Nordnorsk båtmuseum og fartøyvernsenter*
- 12:00 - 13:00 Lunsj på Isegran (Riksantikvaren inviterer)
- 13:00 - 13:45 Kystfrakteflåten: Jern og maskin. Kva fartøytypar fanst, og kva vart dei nytta til?  
*Bredalsholmen dokk og fartøyvernsenter*
- 14:00 - 14:45 Utanriksflåten 1800-2024. Omfang og skipstypar.  
*Alexander Ytteborg, spesialrådgjevar fartøyvern, Akershus, Buskerud, Østfold og Oslo*

## PRESENTASJONAR AV FAGUTVIKLINGSPROSJEKT I FARTØYVERNET

Riksantikvaren ynskjer å vise døme på fagutviklingsprosjekt i fartøyvernet som har motteke tilskot frå post 75. Nokre prosjekt er difor invitert til å presentere sine prosjekt til orientering, inspirasjon og som grunnlag for diskusjonar. Det blir moglegheit for spørsmål og diskusjon.

- 15:00 - 15:45 Gjenvinning av kunnskap: Produksjon av segl av naturfiber  
*Marius Borg, Tarpon AS*
- 16:00 - 16:45 Gjenvinning av kunnskap: Riggprosjektet  
*Morten Hesthammer, Hardanger fartøyvernsenter*
- 17:00 - 17:45 Innreiing i jakter og galeasar  
*Peter Brennvik, Baatbyggarmuseet*
- 18:00 ca. Middag på Kabelmagasinet (Riksantikvaren inviterer)
- 19:30 ca. Sosialisering

## **TORS DAG 5. SEPTEMBER**

- 09:00 – 10:00    Freding av fartøy etter regionaliseringa - status.  
                         > Fredingsprosessen  
                         > Kriterium for freding  
                         Diskusjon  
                         *Sigrud Murud, seksjonssjef Riksantikvaren*
- 10:15 – 10:45    Klimaarbeid i fartøyfeltet  
                         Riksantikvaren presenterer sitt arbeid med å løfte klimaperspektivet inn i fartøyfeltet  
                         *Tor Kristian og Anke Loska, seniorrådgjevarar Riksantikvaren*
- 10:45– 11:30    Oppsummering og tilbakemelding frå deltakarane  
                         Kva utbytte har de av opphaldet? Kva emne bør prioriterast frametter?  
                         Andre innspel til Riksantikvaren  
                         *Aase Hogfeldt-Eskevik, seksjonssjef Riksantikvaren*
- 11:30                Lunsj før avreise (Riksantikvaren inviterer)

**Frist for påmelding er 15. juli.**